

STØLEN HEDLER

Hedler ligg på 620 m.o.h. og har vore øvstestølen til Haukanes i ”uminnelege tider” i fylgje Jon Haukanes (1868-1959). Far hans, Jon Sjursen Haukanes (1827-1912), bygde det siste selet som stod fram til omlag 1930. Denne fjellstølen ligg eit stykke sørvest for Bakkane.

Hedler har vore ein populær stad for husdyr. Før var det kyr som heller ville vera på Hedler enn på nedstestølen Bakkane, då dei slutta å støla på Hedler.

I dag er det helst sauer som beiter og brukar hellerane der til ly.

Hytta på Hedler vart bygd sommaren 2003 av Halldor og Johs. Hamre A/S for Aud Haukanes.

GOD TUR!

Granvin turlag

Kjelde : «*Stølane i Granvin*» av *Torbjørn Seim og lokalkjende*